



Innkalling

av

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 04.10.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 09:00 - 17:00

Eventuelle forfall må meldast <https://www.alver.kommune.no/innhald/politikk-og-hoyringar/politikk/melde-forfall-til-politiske-mote/>

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

Kl. 09:00-11:30 Styringsgruppemøte for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv v/Line Thuen Waage-samfunnsplanleggjar

Kl. 12.00 Sakshandsaming.

Sak 061/22 Høyringsuttale Regional plan for kultur, idrett og frivilligheit 2023-2035 - ETTERSENDES

Sakliste

Saknr	Tittel
052/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
053/22	Godkjenning av møteprotokoll – 06.09.2022
054/22	Plansak kommunedelplan for oppvekst - framlegg til vedtak om offentleg høyring og ettersyn - planforslag
055/22	Tildeling idrettsprosjekt, drift og aktivitet, tilleggsløyving haust 2022
056/22	Tilleggstildeling - kulturprosjekt
057/22	Regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg
058/22	Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022
059/22	Politisk møteplan 2023
060/22	Meldingar og orienteringar til OKK - 04.10.2022

27. september 2022

Christel Villanger Håland
møteleiar

Nora M. K. Gjerde

møtesekretær

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
052/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022

Godkjenning av innkalling og saksliste

Innkalling og saksliste vert godkjent.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
053/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022

Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Vedlegg i saken:

07.09.2022 Protokoll - Utval for oppvekst, kunnskap og kultur - 1797083
06.09.2022



Møteprotokoll for Utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Møtedato: 06.09.2022
Møtestad: Kommunehuset, Frekhaug
Møtetid: 12:00 - 15:25

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Christel Villanger Håland	H	Utvalsleiar
Jostein Borlaug	AP	Medlem
Hege Nygård Dale	UAVH	Medlem
Øystein Nigar	SV	Medlem
Anne Karin Angelskår Eknes	KRF	Nestleiar

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Laila Bjørge	SP	Medlem
Jon Askeland	SP	Medlem
Svein Hagesæter	UAVH	Medlem
Torbjørn Taranger	SV	Medlem

Frammøtte varamedlemmer:	Parti	Erstatter medlem
May Britt Vågenes Gjerde	SP	Laila Bjørge
Yngve Walaker	FRP	Svein Hagesæter
Anna Ulrika Nordlund	SV	Torbjørn Taranger

Følgjande frå administrasjonen møtte:

Eileen Feste-rådgjevar Kultur, Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur, Ingvild Moen-tenesteleiar Skule, Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmor, Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst, Leif Bjørnar Hopland-fagansvarleg Oppvekst, Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse, Solveig Beate Elvik-rådgjevar Oppvekst stab, Nora Gjerde-politisk sekretariat

Sakliste

Saknr	Tittel
046/22	Godkjenning av innkalling og sakliste
047/22	Godkjenning av møteprotokoll
048/22	Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring
049/22	Justering av vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune
050/22	Høyring - handlingsplan mot vald i nære relasjonar
051/22	Meldingar og orienteringar til OKK - 06.09.2022

046/22: Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

Endring rekkefølge sakliste: 46, 47, 51, 49, 50, 48/22.
Ellers ingen merknader, samrøystes.

OKK- 046/22 Vedtak:

Innkalling og sakliste er godkjent.

047/22: Godkjenning av møteprotokoll

Møteprotokollen vert godkjent.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

Møteprotokoll frå møte - 31.05.2022 vert godkjent, samrøystes.

OKK- 047/22 Vedtak:

Møteprotokoll frå møte - 31.05.2022 er godkjent.

048/22: Kommuneplanen sin arealdel for Alver - Planprogram på høyring**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Saka blir lagt fram for politisk drøffing.

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne 05.09.2022:**Behandling:**

RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggjast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheimplassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader.

Samrøystes vedteke.

RMNF- 034/22 Vedtak:

RMNF meiner det i den vidare planprosessen bør leggjast vekt på at framtidig bustadbygging legg til rette for at ein skal kunne bu der sjølv om ein skulle få fysiske utfordringar. Ein arealplan med tydeleg føringar på dette feltet medverkar til at menneske med nedsett funksjonsevne kan leva meir aktive liv, og til å minka presset på sjukeheimplassar og andre tilrettelagde butilbod. Nye bustader i Alver må ha livsløpsstandard. Kommunen må vidare sikra seg areal til offentleg tenesteyting, også utanfor tettstadene. Ein tenkjer her til t.d. på skjerma omsorgsbustader.

Ungdomsråd 05.09.2022:**Behandling:**

Orientering i saka v/Marte Eriksrud, rådgjevar Plan og analyse

UR- 030/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

Orientering til saka v/Marte Hagen Eriksrud-rådgjevar Plan og analyse

OKK vedtok samrøystes å senda planen ut på høyring og har ingen merknader.

OKK- 048/22 Vedtak:

Uttale i OKK - 06.09.2022:

OKK vedtok å senda planen ut på høyring og har ingen merknader.

049/22: Justering av vedtekter for skulefritidsordninga i Alver kommune

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Framlegg til justering av vedtekter for skuefritidsordninga (SFO) i Alver kommune vert sendt på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 21.oktober 2022.

Ungdomsråd 05.09.2022:

Behandling:

Orientering i saka v/Robert Lorang Hansen

UR- 029/22 Vedtak:

Tatt til orientering - ingen merknadar

Samrøystes vedteke

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

Leif Bjørnar Hopland- fagansvarleg Oppvekst orienterte i saka og svara på spørsmål.

Kommunedirektøren sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

OKK- 049/22 Vedtak:

Framlegg til justering av vedtekter for skuefritidsordninga (SFO) i Alver kommune vert sendt på høyring. Frist for å kome med innspel er sett til 21.oktober 2022.

050/22: Høyring - handlingsplan mot vald i nære relasjonar

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med prosessreglane i plan- og bygningslova Kap. 11 vedtek Alver kommune å sende planforslag for «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» ut til offentleg høyring og ettersyn.

Høyringsperioden vert sett til seks veker.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

Kjersti Risa Marøy-tenesteleiar Helsestasjon og jordmor orienterte i saka og svara på spørsmål.

Det vart sett fram følgjande tilleggsframlegg frå OKK:

Administrasjonen har allereie utarbeidd ei skisse for undervisningsopplegg 2-10 klasse. OKK ser ikkje at Alver kommune har heimel for å påleggje vidaregåande skule eit undervisningsopplegg. Me synes planen er god og

ynskjer å senda den ut på høyring.

Utvalet vedtok samrøystes kommunedirektøren sitt framlegg med tilleggframlegg sett fram i møtet.

OKK- 050/22 Vedtak:

I samsvar med prosessreglane i plan- og bygningslova Kap. 11 vedtek Alver kommune å sende planforslag for «Handlingsplan mot vald i nære relasjonar» ut til offentleg høyring og ettersyn.

Høyringsperioden vert sett til seks veker.

Administrasjonen har allereie utarbeidd ei skisse for undervisningsopplegg 2-10 klasse. OKK ser ikkje at Alver kommune har heimel for å påleggje vidaregåande skule eit undervisningsopplegg. Me synes planen er god og ynskjer å senda den ut på høyring.

051/22: Meldingar og orienteringar til OKK - 06.09.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur 06.09.2022:

Behandling:

1. Orientering frå alternative opplæringsarenaer:

1. Ypsøy kystgard v/Leiar/eigar Vagleik Ypsøy / Audun Håland og Silje LG Mortensen
2. Læringscenteret v/inspektør Martin Dahl
3. PPT v/tenesteleiar Bodil Rossne

2. Orientering Bibliotek Frekhaug v/Eirik B. Utne-tenesteleiar Kultur

3. Presentasjon av kommunedelplan Oppvekst med ein kort, siste innspelsrunde før det blir lagt fram sak til OKK (møte 4. okt.) om vedtak for offentleg høyring.

Førebels utkast til plan finn du på følgjande

lenke: [Testpublisering Kommunedelplan for oppvekst](#) innhaldet i

plandokumentet vil bli endra i takt med administrasjonen sitt arbeid v/Kristin Moe-kommunalsjef Oppvekst
Utvalet vart i møte oppfordra til å kome med innspel til planen innan 20.09.2022.

4. Straumkompensasjon til lag og organisasjoner v/Eileen Feste-rådgjevar Kultur

5. Utviding av friluftslivets ferdselsårer, kartlegging for padleaktivitet v/Eileen Feste-rådgjevar Kultur

6. Prosess for ekstra tildeling tilskot til kultur og idrett v/Eileen Feste-rådgjevar Kultur

Meldingar vert tekne til orientering, samrøystes.

OKK- 051/22 Vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Arkiv: <arkivID><jplD>
Plannavn-
Kommunedelplan
for oppvekst - Alver
kommune, Komnr-
4631

JournalpostID:

Sakshandsamar:

Dato: 16.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
054/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022

Plansak kommunedelplan for oppvekst - framlegg til vedtak om offentlig høyring og ettersyn - planforslag

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova vedtek utval for oppvekst, kunnskap og kultur å leggje ut planforslag for kommunedelplan oppvekst på offentlig høyring og ettersyn.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur,

Bakgrunn

I planstrategi for Alver for periode 2021-2024 er det planlagt å gjennomføre kommunedelplan for oppvekst. Planarbeidet vart starta i 2021, parallelt med kommuneplanen sin samfunnsdel og kommunedelplan for helse og omsorg.

Etter ein fase med felles planaktivitet, for mellom anna medverknad, vart først kommuneplanen sin samfunnsdel (KPS) nyleg vedteke av kommunestyret. Kommunedelplan for oppvekst representerer ei vidare detaljering av KPS sine overordna målsettingar og er samstundes koordinert med andre kommunedelplanar. I relasjon til kommuneplanen sine overordna mål har kommunedelplan for oppvekst arbeid vidare med eigne målsettingar. Arbeidet har ført fram til eit planforslag som kommunedirektøren no legg fram for vedtak om offentlig høyring og ettersyn.

Saksopplysningar:

Planforslag for kommunedelplan oppvekst er utarbeidd i det digitale plansystemet Framsikt.

Planforslaget har i heile prosessen vore tilgjengeleg i internt nett via testpublisering frå systemet. Planforslag og endeleg plan vil vera digital plan i Framsikt. Men vi vil produsera ein eksport av planen sitt innhald til PDF-dokument, slik at dei som ikkje kan bruka digital plan kan få tilgang analogt.

Her er lenke til digitalt planforslag (intern testlenke): [Planforslag - kommunedelplan for oppvekst](#)

PDF-eksport av planen er vedlagt.

Proessen fram til planforslag:

Planprogrammet for kommunedelplan oppvekst vart godkjend 10/11-20.

Programmet er ein «plan for planlegginga» og gjennom det vart det politisk vedtaka at desse fokusområda skulle vera retningsgjevande for det vidare arbeidet med planforslaget:

- Inkluderande fellesskap
- Tidleg innsats
- Læring, livsmeistring og utvikling
- Tverrfagleg samarbeid
- Fattigdom i barnefamiljar
- Digitalisering av sektoren
- Helsefremjande oppvekst

I det vidare arbeidet med planforslaget vart det samstundes med felles medverknad invitert ulike referansegrupper til medverknadsmøte/verkstader samt intern undersøking. Dette arbeidet resulterte i fleire rapportar som inngår som grunnlag for utarbeidinga av planforslaget. Her oversikt for nokre dei viktigaste aktivitetane:

16.06.2021: Styrarar barnehagar

23.04.2021: Interne samarbeidspartar

26.04.2021: Politi og BUP med fleire

27.05.2021: Tverrfagleg gruppe

13.04.2021: FAU Barnehage

14.04.2021: FAU Skule

16.06.2021: Styrarar barnehagar

23.03.2021: Tilsette

26.03.2021: Samarbeidspartar

27.05.2021: Rektorar skule

27.05.2021: Tilsette barnehagar og skular mfl.

08.04.2021: Elevråd og ungdomsråd

26.11.2021: Referansegruppesamling

10.05.2022: Referansegruppesamling

I denne perioden har det samstundes vore jamlege møte med medverknad/informasjon i råd og utval. På bakgrunn av dette omfattande grunnlagsarbeidet vart det i møte med styringsgruppa (Utval for oppvekst, kunnskap og kultur) vedteke seks hovudmål for planperioden. Samstundes vil planforslaget ta med oppfølging av nyleg vedteke mål frå kommuneplanen sin samfunnsdel.

Kommunedelplan oppvekst sine seks hovudmål er:

1. Barn og unge opplever å høyre til.
2. Barn og unge blir sett og ivaretatt.
3. Barn og unge er rusta til å møte framtida.
4. Barn og unge opplever at vaksne samarbeider.
5. Barn og unge vert møtt av kompetente vaksne.
6. Familiar opplever eit godt tenestetilbod.

Om planforslaget:

Til arbeidet med planen har prosjektgruppa nytta planmodulen i Framsikt. Alver kommune har tidlegare nytta Framsikt til økonomiplanlegging og skal no utvide systemet med planar og verksemdstyring. Førremon med digital plan som inngår i eit felles overordna system er at mål og tiltak vert tilgjengeleg for heile systemet. Intensjonen er at vedtekne planar vert direkte tilgjengeleg for vidare oppfølging i økonomiplan og verksemdplan.

Planforslaget har følgjande oppbygging:

1.0 Førreord

Litt om målsetting for planen og innleiande oversikt for innhaldet i planen.

2.0 Innleiing

Fagleg plassering av oppvekstsektoren. Enkel gjennomgang av planprosessen og plansystemet. Forklaring på korleis denne planen inngår i eit overordna plansystem.

3.0 Kunnskapsgrunnlag

Statistikk og anna innhenta kunnskap vert presentert.

4.0 Tenesteskildringar

Skildring av dei ulike fagdelane innan oppvekstsektoren

5.0 Saman om ein god oppvekst

Viktige faglege rammer for oppvekstsektoren vert presentert.

6.0 Hovudmål, delmål og strategiar

Hovudmål med tilhøyrande delmål vert presentert. Desse er tilknytt strategiar for som skildrar kva som skal gjerast for å nå måla.

7.0 Handlingsdel

Fireårig handlingsdel der planen listar opp forslag til tiltak som treng finansiering og tiltak som skal løysast innan eksisterande rammer.

8.0 Møteplassar og team

Oversikt for alle arenaer for samhandling innan oppvekst i Alver kommune.

9.0 Kjelder

Referansar til kjeldemateriale som er brukt i planarbeidet.

Prosjektgruppa for kommunedelplan oppvekst vurderer at planforslaget no kan leggast ut til offentleg høyring

og ettersyn. Det er utført eit grundig medverknadsarbeid som har gjeve mange gode innspel til planarbeidet. Prosjektet har hatt jamleg kontakt med styringsgruppa (politisk utval) og råda. Det har også gjeve oss nyttige innspel og grunnlag for vegval i planarbeidet. I samsvar med prosessreglane i plan og bygningslova vil planforslaget leggest ut til offentleg høyring og ettersyn i minimum 6 veker, men gjev framlegg om å utvida høyringsfristen til 8 veker (fyrste desember 2022).

Vidare handsaming for kommunedelplan oppvekst vert å vurdera høyringsinnspel og eventuell justering av planforslaget, før endeleg vedtak i kommunestyret.

Vedlegg i saken:

27.09.2022 1_G_høyring_KDP oppvekst 2023_2034

1808502

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C00, FE-223
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 20.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
055/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022

Tildeling idrettsprosjekt, drift og aktivitet, tilleggsløyving haust 2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av tilskot på kr 165 430 til idrettsprosjekt og kr 269 570 til drift og aktivitet slik det kjem fram av saka.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur.

Bakgrunn:

Ramma for tilskotsordningane innan kulturområdet vart redusert frå 2021 til 2022, tilsvarende 1 million kr, frå totalt 7,7 mill. til 6,7 mill. Tildelinga vart i hovudsak gjennomført februar i år.

Alver kommunestyre vedtok 16.06.2022, sak 096/22, å setje av 1 million kr for 2022 til tilskotsordningane, som kompenserer reduksjonen for inneverande år.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart orientert 06.09.2022 om tilråding for ekstra utlysing og overordna fordeling:

Kulturprosjekt – kr 565 000

Idrettsprosjekt – kr 165 000

Idrett, driftstilskot – kr 270 000

Fordelinga er basert på korleis reduksjonen til 2022 slo inn for ulike tildelingsområde i februar, og meint til å kompensere dette.

Ekstraulysinga hadde søknadsfrist 21.09.2022, og følgjer elles dei ålmenne kriteria i retningslinene for tilskotsordningane.

Denne saka gjeld fordelinga innan idrettsprosjekt, og drift- og aktivitetstilskot til idrettslag.

Saka har vore til uttale hjå idrettsrådet som støtter innstillinga som ligg føre.

Saksopplysningar:

Idrettsprosjekt

Vurdering

Innstillinga er utarbeida etter vedtekne retningsliner for denne tilskotsordninga.

Innstilling

<u>Søklar</u>	<u>Om prosjektet</u>	<u>Totalkost.</u>	<u>Søknads- sum</u>	<u>Innstilling</u>	<u>Merknad</u>
Lindås IL	Oppgradering av klubbhus, innbytarbenkar, reparerer skur for dommarar, innkjøp	445 000,-	380 000,-	0	

	av hjartestartarar, innkjøp av utstyr til handball.				
Lindås IL	Kjøpe inn oppblåsbar 3'er bana til bruk for dei yngste barna i klubben.	44 700,-	44 700,-	10 000,-	
Lindås IL	Innkjøp av handballutstyr.	100 000,-	60 000,-	10 000,-	
Knarvikmila AKS 77	Innkjøp av tidtakarutstyr.	50 000,-	40 000,-	15 000,-	
Nordhordland jakt- og fiskelag	Utsifting av defekt motor og styring av "springande elg" på innandørsbane.	11 113,-	10 500,-	10 430,-	
Mjåtveitmarka velforening	Sykelbaneprosjekt og møteplass med benkar og evt. gapahuk.	1 300 000,-	50 000,-	0	Har søkt og fått tildelt midlar tidlegare til prosjekt. Ikkje mottatt sluttrapport for dette prosjektet.
Knarvik IL	Handballag som skal på cup treng drakter.	20 000,-	20 000,-	0	Har søkt og fått tildelt midlar tidlegare til prosjekt. Ikkje mottatt sluttrapport for dette prosjektet.
Austebygda fritidspark	Innkjøp av utstyr til diskgolfbane i samband med etablering av bana.	204 259,-	109 024,-	20 000,-	Tilskotet har som vilkår at søkjar nyttar seg av spelemiddelordninga.
Nordhordland bokseklubb	Innkjøp av flettematter til kampsportrom.	81 312,-	20 000,-	15 000,-	
Radøy IL	Fotballmål. 2 stk. 9'ar	38 377,-	15 000,-	15 000,-	
FAU Grasdal skule	Etablering av ein gapahuk og hinderløype i utkanten av skulen sitt uteområde.	30 000	25 000	0	Skildringa av prosjektet gjer at me i dialog med søkar vil foreslå å overføre søknaden til ordninga «friluftslivstiltak».
Seim skyttarlag	Starte opp skyteskule for nye barn, ungdommar og føresette.	22 438,-	6 000,-	0	Har søkt og fått tildelt midlar tidlegare til prosjekt. Ikkje mottatt sluttrapport for dette prosjektet.
Nordhordland ballklubb	Støtte til innbytarbenkar på Knarvik Kunstgras. Dei gamle måtte rivast då den nye	100 000,-	50 000,-	15 000,-	

	bana skulle byggast. Benkane skal byggjast i treverk.				
Sæbø ungdomslag	Innkjøp av utstyr til å starta opp Sæbø E-sport	222 400,-	190 000,-	20 000,-	
Hordabø IL	Innkjøp av utstyr til bocciagrappa, og nye innefotballar i Hordabøhallen til dei aldersbestemte laga som trenar inne om vinteren.	50 000,-	40 000,-	10 000,-	
Nordre Holsnøy IL	Rekrutteringstiltak for å få tilbake utøvarar, og for å få inn nye medlemmar etter koronapandemien.	26 800,-	26 800,-	10 000,-	
FIL AKS-77	Innkjøp treningshekkar.	16 500,-	15 000,-	0	Har søkt og fått tildelt midlar tidlegare til prosjekt. Ikkje mottatt sluttrapport for dette prosjektet.
Eikanger IL	To stk. 7'ar mål med nett.	38 000,-	38 000,-	15 000,-	
Totalt		Kr 2 800 899	Kr 1 140 024	Kr 165 430	

Drift og aktivitet

Vurdering

Innstillinga er utarbeida etter vedtekne retningslinjer for denne tilskotsordninga.

Innstilling

<u>Søkjar</u>	<u>Medlem 0-19 år</u>	<u>Medlem 20 +</u>	<u>Innstilling</u>
	<u>Idrettslag under NIF</u>		
Alver klatreklubb	108	186	7 440,-
Alver modellbilklubb	26	29	1 160,-
Eikanger IL	127	95	3 800,-
FIL AKS-77	83	34	1 360,-
Frekhaug diskgoelklubb	14	114	4 560,-
Hordabø IL	28	106	4 240,-
IL Alvidra	273	133	5 320,-

IL Kvernbit		767	897	35 880,-
Knarvik IL		274	88	3 520,-
Lindås IL		355	194	7 760,-
Manger IL		44	132	5 280,-
Meland golfklubb		231	1165	46 600,-
Meland motorsportklubb		109	128	5 120,-
Nordhordland ballklubb		650	283	11 320,-
Nordhordland bokseklubb		45	31	1 240,-
Nordhordland dykkarklubb		10	71	2 840,-
Nordhordland hestesportklubb		11	18	1 000,-*
Nordhordland karateklubb		107	39	1 560,-
Nordhordland padleklubb		16	204	8 160,-
Nordhordland pistolklubb		0	157	6 280,-
Nordre Holsnøy IL		316	169	6 760,-
Radøy fotballklubb		260	98	3 920,-
Radøy idrettslag		132	36	1 440,-
Radøy sportskyttarlag		30	9	1 000,-*
	<u>Skyttarlag under DFS</u>			
Lindås skyttarlag		26	171	6 840,-
Meland skyttarlag		55	233	9 320,-
Radøy skyttarlag		30	62	2 480,-
Seim skyttarlag		72	236	9 440,-
Totalt		4199	5118	Kr 205 740

*utjamna oppover til kr 1 000

Idrettsanlegg i privat eige

Vurdering

Innstillinga er utarbeida etter vedtekne retningsliner for denne tilskotsordninga.

Innstilling

<u>Søkjjar</u>	<u>Omsøkt vektal</u>	<u>Innstilling</u>
Frekhaug diskgolfklubb	1	1 754,-
Hordabø IL	7,2	12 626,-
IL Kvernbit	6,9	12 099,-
Knarvikmila	2	3 507,-
Knarvik IL	1	1 754,-
Manger IL	2,8	4 910,-
Meland golfklubb	2,3	4 033,-
Meland motorsportklubb	1,5	2 630,-
Meland skyttarlag	1	1 754,-
Nordhordland ballklubb	0,6	1 052,-

Nordre Holsnøy IL	3,6	6 313,-
Radøy idrettslag	5,5	9 644,-
Radøy skytterlag	1	1 754,-
Totalt	36,4	Kr 63 830

Arkiv: <arkivID><jplID> FA-C00
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
056/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022

Tilleggstilldeling - kulturprosjekt

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur godkjenner tildeling av midlar til kulturprosjekt, slik det kjem fram av saka.

Bakgrunn:

Ramma for tilskotsordningane innan kulturområdet vart redusert frå 2021 til 2022, tilsvarende 1 million kr, frå totalt 7,7 mill til 6,7 mill. Tildelinga vart i hovudsak gjennomført februar i år.

Alver kommunestyre vedtok 16.6.22, sak 096/22, å setje av 1 million kr for 2022 til tilskotsordningane, som kompenserer reduksjonen for inneverande år.

Utval for oppvekst, kunnskap og kultur vart orientert den 6.9.22 om tilråding for ekstra utlysing og overordna fordeling:

Kulturprosjekt – kr 565 000

Idrettsprosjekt – kr 165 000

Idrett, driftstilskot – kr 270 000

Fordelinga er basert på korleis reduksjonen til 2022 slo inn for ulike tildelingsområde i februar, og meint til å kompensere dette.

Ekstraulysinga hadde søknadsfrist 21.9.22, og følger elles dei ålmenne kriteria i retningslinene for tilskotsordningane.

Saksopplysninger:

Det er søkt om totalt kr 1.111.136 delt på 35 søknad. Sju søknadar har fått avslag. Fleire aktørar som søkte midlar til kulturprosjekt i samband med tildelinga i vår, - sak OKK 026/22 – har søkt igjen til sine prosjekt. Fleire prosjekt som gjeld vedlikehald/renovering av kulturbygg, er vist til søknadsfrist 15. november for ordninga «Mindre investeringar ved lokale kulturbygg».

Det er kome søknadar om større prosjekt, m.a. prosjekt om lyrikaren Olav Nygård og spelet om Hermann i Vikje. Det er foreslått tilskot og samstundes vises til søknadsfrist 15. november for å søkje tilskot til kulturprosjekt.

Det er søkt om underskotsgaranti frå

- Meland mållag i samband med konsert i Nynorskdagane med Sigrid Moldestad m/band
- Musikkens Venner Nordhordland i samband med 40 årsjubileums konsert.
- Meland jazzkafe – søkte om tilskot (Okk sak 026/22) i samband med Storband festival som ble arrangert i sommar. Fekk tildeling p kr 4.000 av eit budsjett på kr 65.000. Dette grunna lite midlar i

tildelingsrunden

Festivalen gjekk med kr 7.100 i underskot. I retningsliner for tilskotsmidlar heite det at ein skal ha søkt på førehand om underskotsmidlar, er dette ein spesiell situasjon, og vi har difor valt å støtte festivalen.

Alver kulturråd har fått saka om «Tilleggsøyving kulturprosjekt» til høyring 24.09.22. Grunna kort tidsfrist hadde vi dialog med leiar i kulturrådet på telefon. Etter ein gjennomgang av innstillinga, slutta rådet seg til kommunedirektøren sitt framlegg.

Søkjjar	Tiltak og vurdering	Kostnad	Søknadssum	Tilskot	Vurdering
Meland jazzkafe	Meland jazzkafe skal saman med Senterkontoret arrangere "Den lille storband festival". Det blir en konsert på dagtid og to på kveldstid.	65000	7100	7000	Meland jazzkafe har i mange år vorre møteplass for jazzmusikk i Alver. Jazzkafeen gjev tilbod om musikkseanger som er lite utbreidt i kommunen. Til storbandfestivalen i sommer mottok klubben kr 4.000 i tilskot (tildeling sak OKK 026/22)
					Festivalen gjekk med underskot kr 7.100. Pga ekstra løyving er det mogeleg å avhjelpe klubben.
Midtgard bedehus	Deltakarar, foreldre og sysken blir invitert til felles middag før kvar samling. Dette for å skape trygghet, relasjonar og fellesskap i bygden. Det er rekna 70 personar x 6 klubbkveldar	35820	25020	0	Grunna avgrensa midlar er det ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
Meland msikklag	Gulvet i hallen i Musikkhallen er slitt og treng utskiftning. Har ikkje vært skiftet siden 1982. Plan å legge vinylgulv	90000	30000	0	Sjå tilskotsordning for "istandsetting av verneverdige kulturminne" - søknadsfrist 15. november
Meland mållag	Konsert med Sigrid Moldestad m/band Konserten er del av Nynorskdagane	143000	20000	18000	Søknad om underskotsgaranti Nynorskdagane
Manger skulemusikk	"Stjerner i sikte" seminar - 25 korpsmedl 4-6 klasse og 7 korpsmedlem 7-8 klasse	40000	25000	20000	Tiltak barn og unge er prioritert
Knarvik Gospel	Etter covid har koret behov for å reetablere seg. Skal arrangere åpen gospelkveld, øvingshelg med innleid musikere	33400	15000	5000	Grunna avgrensa midlar er det ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
Ungdomslaget Framsteg	Arrangere julefest samt kjøpe inn bord og stoler	50354	25000	20000	Grunna avgrensa midlar er det ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
Hordabø	laget arrangerer fleire stor arr årleg.	60000	40000	20000	Kan søkje midlar til kjøp av

	Har				utstyr
idrettslag	behov for å oppgradere utstyr som pc og scannere for billettkontroll				ved frist 15. nov
Alversund	Alversund musikklag feira 120 år i 2021,	33000	30000	20000	Grunna avgrensa midlar er det
musikklag	men grunna pandemi vart det utsett til 2022. Skal feire med konsert m/inviterte musikarar frå distriktet. Ekstrakostnader				ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
	er ekstra øvingar, ekstra instruktørar og seminar				
Lindås sogelag	Ønskjer å gjere den store samlinga til	34000	34000	20000	Grunna avgrensa midlar er det
	sogelaget tilgjengelig og søkbar for alle på				ikkje mogeleg å prioritere dette
	Digital Museum. Søkjar og om midlar til å				tiltak høgare
	skjerme gjenstander for dagslys				
Seim songkor	Seim songkor skal saman med Årstad kantori og Lystgården vokal lage to	89000	10000	8000	
	konsertar i Alver og Bergen der de skal				
	fremføre Faurés Requiem med orgel og				
	strykekvartett og Cantique de Jean Racine				
	med klaver				
Eikanger kultur	Videreutvikle ein attraktiv scene for	107000	40000	16500	Grunna avgrensa midlar er det
	lokale musikere. Videreføre forfattermøte.				ikkje mogeleg å prioritere dette
	Etablere ein god møteplass i bygden				tiltak høgare
Kløvheim F	Laget er i ferd med å fornye huset og	80000	25000	20000	Kløvheim Ungdomslag har over fleire
ungdomslag	utstyr. Etter mange år med renovering				år jobba planmessig med å opp-
	av bygg, er ein no kome til oppgradering				gradere anlegget sitt. Ein reknar
	av utstyr. Laget har som mål å vere ein				med å vere i mål om nokre få år.
	attraktiv scene for utøvere i Alver.				
Eikanger kultur	Samarbeidsprosjekt med Eikanger skule	11000	8000	0	Søke samarbeid med Den kulturelle skulesekken
	om bygdehistorie, handverkstradisjonar og drama aktivitetar				
Eikanger kultur	Historisk spel om Herman i Vikje som døde i 1957. Det vert både	369000	80000	38000	Fekk løyving på kr 5.000 i sak OKK 026/22
	amatørar og prof. skodespelare				Grunna avgrensa midlar er det
	med. Spelet skal spelast på				ikkje mogeleg å prioritere dette
	husmannsplassen på Vikje i 2023				tiltak høgare
Hjelmåskarane	Samarbeidsprosj mellom Hjelmåskarane og	50000	30000	12500	Grunna avgrensa midlar er det
	kor i Åsane. Har hatt og planlegg fleire				ikkje mogeleg å prioritere dette
	konsertar i Alver, samt i Åsane				tiltak høgare

	kulturhus.				
	Julekonsert på Leknes og solidaritetskonsert for Ukraina. Sjå elles søknad nr 20 frå Korinor.				
Rune Alver	Brass møter klassisk. Pianist Rune Alver	200000	57000	30000	Grunna avgrensa midlar er det
	samspel med ulike brassbandensambler i Alver kommune og Vestland fylke				ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
Meland mållag	Arrangera ein familiekonsert med barnesongar basert på arbeidet til	92000	30000	25500	Familiearrangement med lokale utøvarar og lokale musikk tradisjonar
	Linda Røyseth Sandhåland og Kjersti Wiik (innsamling og formidling)				Ble tildelt kr 5.000 i samband md til-delning i mai - sak OKK 026/22
					Nynorskdagane
Korinor	Samarbeidsprosj mellom Hjelmåskarane og kor i Åsane. Har hatt og planlegg fleire konsertar i Alver, samt i Åsane kulturhus.	50000	30000	0	Sjå søknad frå Hjelmåskarane (26) Det er sendt søknad frå begge lag om same tiltak. Søknad frå
	Julekonsert på Leknes og solidaritetskonsert for Ukraina				Hjelmåskarane blir prioritert
Nordhordland kunstlag	Nordhordland kunstlag skal arrangere Haustutstilling. Utstillinga vert arrangert i Austrheim. Kunstnare frå Alver deltek	5000	5000	5000	Sjølv om utstillinga vert arrangert i Austrheim, er dette ein viktig arena for lokale kunstnare å vise seg fram.
Alversund mållag	I samband med Nynorskdagane arrangere mållaget fleire arr, ma stadnamnvandring, pubkveld, føredrag, lesestund for vaksne, samt samarbeid med andre lag om arr i Nynroskveka	60000	50000	37500	Nynorskdagane
					Grunna avgrensa midlar er det ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
Claus Sellevoll	Lyrikaren Olav Nygård frå Modalen 100 årsjubileum i jubileum i 2024. I eit program med tekst, musikk og lyddesign, ønskjer ein å løfte lyrikaren fram til vår samtid.	950000	100000	37000	Oppfordres til å søke tilskot med frist 15.nov
					Grunna avgrensa midlar er det ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
Radøy mållag	I samband med Nynorskdagane arrangerer Radøy mållag konsert med "Foreningen for by og bygd"	20000	10000	8000	Nynorskdagane
Laget Vonheim	Oppgradere, etterisolere, skifte panel og utbetre tak (råte). Nødvendig vedlikehalds-arbeid	25000	25000	0	Må søkje tilskot til mindre investeringar
Marøy					ved lokale kulturbygg - søknadsfrist 15.nov
Dalebygda	Ønsker å etablere eit "hjemmekinianlegg"	35000	20000	14000	Tiltak barn og unge

indremisjon	til bruk i m.a "Torsdagsklubben" - eit tilbod til 4-6 klasse. Vil også bli nytta i andre tilbod klubben gir.				
Kolås	Foreningen ønskjer å etablere ein stad	120740	25000	25000	Prioritert samarbeidsprosjekt mellom
velforening	som ungdom på Lindås kan vere istadenfor				elevbedrift Lindås uskole og Kolås
	på Lindås senter. Det skal etablerast				velforening
	sandvolleyballbane og gapahuk der ungdom kan møtast.				
Musikkens Venner Nordhordland	Musikkens venner feirar 40 årsjubileum og skal arrangere konsert i Knarvik kyrkje.	10000	10000	8000	Underskotsgaranti
	Lokale utøvarar.				
Musikkens Venner Nordhordland	Musikkens venner feirar 40 årsjubileum og skal arrangere konsert i Knarvik kyrkje.	124000	45000	25000	Grunna avgrensa midlar er det
	Lokale utøvarar.				ikkje mogeleg å prioritere dette
					tiltak høgare
Nøtlevåg Meieri	Framføring av kommunalt vatn og utslepp	200000	100000	0	Sjå tilskotsordning for "istandssetting
					av verneverdige kulturminne"
					-
					søknadsfrist 15. november
Meland mållag	Elias Mjåtveit seminar. Årets tema er	11858	5000	4000	Nynorskdagane
	Fremtida for landbruket i Nordhordland				
	Arr er ein del av Nynorskdagane				
Vegard Eide	Har skrive bok om Kløvheim UL i høve deira 100 årsjubileum i 2022. Boka består	79000	30000	24000	Nynorskdagane
	av 264 A4 sider med lokalhistorie. Det				Grunna avgrensa midlar er det
	søkes om tilskot til boklansering og utstilling. Arbeid er utført på dugnad.				ikkje mogeleg å prioritere dette
					tiltak høgare
Skodvin skulemusikk	Søklar støtte til konsertserien "Thank you for the music" - Konsertserien består av tre konsert konsepter. Målgruppa er	250000	50000	40000	Barn og unge er prioritert.
	ungdomsskuleelevar og oppover. Det er				Grunna avgrensa midlar er det
	plalagt 3 konsertar-nov22, april23 og nov23				ikkje mogeleg å prioritere dette
					tiltak høgare
Hundvingrend indremisjon	Arrangere juletefest for små og store i bygda med mat, underhaldning og	18200	15000	8000	Familiearrangement
	juletegang				Grunna avgrensa midlar er det
					ikkje mogeleg å prioritere dette
					tiltak høgare
Nordhordland song og musikkverkstad	For 25. gong vert det arrangert Litlejulaften konsert i Knarvik kyrkje med kor, proffe	92526	41526	30000	Grunna avgrensa midlar er det
	musikarar og unge solistar. I år deltek også				ikkje mogeleg å prioritere dette
	Helge Jordal				tiltak høgare

Arian Pedersen	Midlar til kjøp av Macbook Pro 14"	23490	18490	0	Personleg utstyr vert ikkje prioritert
	2021 model til bruk i studiet i musikk-kompensasjon Norges musikkhøgskole				
Mathilde Austegard Ypsøy	Introduksjonskurs for filmskodespel for ungdom	13920	4000	4000	Tiltak ungdom
Ullveka	Ullveka - fremme interessa for og utnytting av norsk ulle, bærekraft	107000	20000	15000	Grunna avgrensa midlar er det ikkje mogeleg å prioritere dette tiltak høgare
			1135136	565000	

Arkiv: <arkivID><jpid> FA-L65
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 22.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
057/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

«Kommunestyret godkjenner framlegg til regelverk for reklame på kommunale idrettsanlegg. Regelverket gjeldt med verknad frå 1. januar 2023.»

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal til innstilling i formannskapet

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Det er eit ønske frå idretten å kunna selja reklame til eiga inntekt på dei kommunale idrettsanlegga. På nokre anlegg finst allereie slik reklame. Avtalane for desse vart inngått i tida før kommunesamanslåinga. Det er behov for å få på plass eit felles regelverk som gjeld for alle Alver kommune sine anlegg.

Hensikta med regelverket er å opna for at frivilligheita kan utnytta moglegheita til å skaffa reklameinntekter. Samstundes vil regelverket sikra at kommunen gir like vilkår frå anlegg til anlegg, og heldt kontroll med omfang, plassering og tryggleik.

Saksopplysningar:

Lindås, Meland og Radøy hadde ulik samansetjing av kommunale og private anlegg. Det finst difor ingen felles praksis frå tida før kommunesamanslåinga.

- Lindås sitt regelverk opna for at dei frivillige laga kunne selja reklame på avsette plassar i fleirbrukshallar og utandørs anlegg.
- På Radøy er alle utandørs anlegg private, medan kommune sjølv selde reklame i Radøyhallen.
- I Meland var det i all hovudsak private anlegg, og kommunen var ikkje engasjert i regelverk kring reklame.

Forskrift om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet (spelemiddel-forskrifta) inneheldt ikkje reglar for reklame. Montering av reklameskilt innandørs i hallar og på innsida av gjerder rundt utandørs anlegg, er ikkje søknadspliktig etter plan- og bygningslova. Det er såleis opp til kvar enkelt kommune å fastsetja reglar for sine anlegg.

Framlegget til regelverk og plassering av reklame på kvart enkelt anlegg, har vore til høyring hjå Alver Idrettsråd. Rådet handsama saka i møte 19. september i år, og har ingen merknadar til framlegget.

Vurdering

Reklame er ein vesentleg del av finansieringa av idretten, både for barn og vaksne. Reklame i idretten finst i form av fast reklame på anlegg, sponning av enkeltarrangement, reklame på drakter og anna utstyr, i sosiale media og på nettsider.

Reklamen bidrar til at klubbane kan halda lågast mogleg kostnad for dei som skal delta i aktivitet. Dette bidrar igjen til målsetnaden om å utjamna skilnadar i samfunnet. Reklame gjev vidare eit godt høve for lokalt næringsliv til å støtta opp under den frivillige aktiviteten samstundes som dei får profilert eiga verksemd.

Samstundes kan for mykje reklame bidra til auka kjøpepress, og skapa eit negativt estetisk inntrykk. Kommunedirektøren finn det difor nødvendig å ha eit regelverk som regulerer omfanget og plasseringa av reklame.

Dersom kommunen sjølv sel reklame, kan det gje økonomisk bidrag til drift av anlegga. Men samstundes vil kommunen då bli ein direkte konkurrent til frivilligheita i den lokale reklamemarknaden. Det kan føra til vanskelegare økonomiske vilkår for den frivillige idretten, og tap av omdøme for kommunen. Kommunedirektøren meiner ut frå desse vurderingane at kommune sjølv ikkje skal driva sal av reklame.

Økonomisk har det små konsekvensar for kommunen å opna for sal av reklame. Kostnaden vil i all hovudsak vera arbeidstimar for eining for drift og vedlikehald i samband med montering av reklame. Kommunedirektøren finn det rett at kommunen tek på seg denne jobben, både som ei handsrekking til frivilligheita og for å sikra at tryggleiken på anlegga er ivaretatt.

Miljømessige konsekvensar er små. Auka mengde reklameskilt vil gje noko auka bruk av plast. Samstundes er det slik at reklameavtalar oftast vert inngått for fleire år, slik at talet nye skilt per år vil vera lågt. Framlegget til regelverk gjev vidare eigar av reklameskilta ansvar for å avhenda utgåtte skilt til forsvarleg mottak. Dersom reklame på anlegga gjev negative konsekvensar ein ikkje har oversikt over i dag, gir framlegget til regelverk høve til å avslutta tiltaket.

Ut frå desse vurderingane rår kommunedirektøren til at regelverket vert vedtatt slik det ligg føre.

Vedlegg i saken:

22.09.2022	Vedlegg 1 - regelverk reklame kommunale anlegg	1807306
27.09.2022	Vedlegg 2 - storleik og plassering reklame kommunale anlegg	1809472

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033, FA-C10
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 19.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Alver kommunestyre	
058/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022

Årsmelding Alver ungdomsråd 2021-2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmeldinga 2021-2022 for Alver ungdomsråd til orientering

Politisk handsaming

Saka skal til innstilling i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saka skal avgjerast i kommunestyret

Bakgrunn

Jfr. Politisk reglement. Ungdomsrådet skal kvart år legge fram årsmelding til kommunestyret.

Årsmeldinga vert lagt fram munnleg.

Saksopplysninger:

Årsmeldinga er for perioden september 2021-september 2022.

Arkiv: <arkivID><jplID> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
	Utval for helse og omsorg	
059/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022
	Utval for næringutvikling og drift	
	Utval for areal, plan og miljø	
	Alver formannskap	
	Alver kommunestyre	

Politisk møteplan 2023

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtar politisk møteplan for 2023 slik den er lagt fram i saka.

Politisk handsaming

Saka skal til uttale i utval for oppvekst, kunnskap og kultur, utval for helse og omsorg, utval for næringsutvikling og drift, utval for areal, plan og miljø.

Saka skal til innstilling i formannskapet.

Saka skal avgjerast i kommunestyret.

Saksopplysningar:

Kva saka gjeld:

- Kommunestyret i Alver skal vedta politisk møteplan for det komande kalenderåret, denne gong for 2023. I 2023 er det også kommuneval, og det er viktig å planlegge for det.

Bakgrunn

I kommunelova § 11-2, står det at møter i folkevalde organ skal haldast om eitt av følgjande vilkår er oppfylt:

- Organet sjølv, kommunestyre eller fylkesting vedtar det
- Organet sin leiar meiner det er naudsynt
- Minst 1/3 av medlemmane krev det.

I denne saka blir det lagt fram ein heilskapleg møteplan for 2023 som kommunestyret skal vedta. Møteplanen gjeld for følgjande råd og utval:

- Kommunestyret (KO)
- Formannskapet (FO)
- Utval for areal, plan og miljø (APM)
- Utval for oppvekst, kunnskap og kultur (OKK)
- Utval for næring og drift (ND)
- Utval for helse og omsorg (HO)
- Administrasjonsutvalet (ADM)
- Eldreråd (ER)

- Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMNF)
- Ungdomsrådet (UR)

Vurdering:

Den politiske møteplanen for 2023 er lagt opp på følgjande måte:

- Møter i utval og råd er samla i same veke og kommunestyret er lagt to veker etterpå. Det gjer at saker frå utval og råd kjem i det etterfølgjande kommunestyremøtet.
- Møta i råda er lagt på måndagar, møta i alle utval er lagt opp frå tysdag til torsdag, då mange av partia har gruppemøte på måndagar.
- På grunn av stor saksmengde er det lagt opp til tre ekstra møte i utval for areal, plan og miljø (APM), i januar, august og desember.
- Våren 2023 er det lagt inn tre strategisamlingar med formannskapet i samband med økonomiplanprosessen. Kommunedirektøren ønskjer å starte denne prosessen tidleg, og første samling er 26. januar.
- Kommunevalet blir gjennomført 11. september. Første politiske runde haust 2023 er lagt til etter kommunevalet. Det er lagt inn eit ekstra formannskapsmøte 31. august om det er behov for det.
- Det konstituerande kommunestyremøtet er lagt til 19. oktober, med eit etterfølgjande kommunestyremøte 2. november med supplerande val.
- Nytt formannskap vil ha ei 2-dagars samling i november med fokus på økonomiplan og årsbudsjett.

Kommunedirektøren legg til grunn at kontrollutvalet utarbeider eigen møteplan.

Vedlegg i saken:

27.09.2022

Vedlegg_framlegg politisk møteplan 2023

1809321

Arkiv: <arkivID><jplD> FE-033
JournalpostID:
Sakshandsamar:
Dato: 27.09.2022

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
060/22	Utval for oppvekst, kunnskap og kultur	04.10.2022

Meldingar og orienteringar til OKK - 04.10.2022

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

Meldingar vert tekne til orientering.

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i utval for oppvekst, kunnskap og kultur

Saksopplysningar:

Det vert lagt fram følgjande meldingar og orienteringar:

Kl. 09.00-11.30 Styringsgruppe for Kommunedelplan for kultur, idrett og friluftsliv v/Line Thuen Waage-samfunnsplanlegger

-Brukarundersøkingar barnehage v/Mona C. Meidell-Hagewick-tenesteleiar Barnehage